



# VESTNES KOMMUNE

## Tekniske tenester

### Særutskrift – Melding om vedtak

Konsesjonsavdelinga  
Postboks 5091  
0301 OSLO

|             |                    |                 |                |                                 |
|-------------|--------------------|-----------------|----------------|---------------------------------|
| <b>Dato</b> | <b>Dykkar ref.</b> | <b>Vår ref.</b> | <b>Saksnr.</b> | <b>Saksbehandlar / Tlf</b>      |
| 13.06.2018  |                    | 10543/2018      | 2018/608       | Alexander Connor<br>71 18 40 80 |

### Fråsegn Vestnes kommune- Regulering av Instebotnvatnet - Vestnes kommune

Vedlagt følger kommunen si fråsegn om regulering av Instebotnvatnet i Vestnes kommune

Helsing

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur*

Alexander Connor  
Jordbruk- og miljøansvarleg



## VESTNES KOMMUNE

### Saksframlegg

Arkiv: S11  
Arkivsaksnr.: 2018/608  
Saksbehandlar: Alexander Connor  
Dato: 04.06.2018

### Fråsegn Vestnes kommune- Regulering av Instebotnvatnet - Vestnes kommune

| Utval       | Møtedato   | Utlvalssak |
|-------------|------------|------------|
| Planutvalet | 12.06.2018 | 47/2018    |

#### Saksprotokoll i Planutvalet - 12.06.2018

##### Vedtak:

Med grunngjeving i saksutgreiinga, og med vekt på allmenne verdiar som friluftsliv, landskap og samla belastninga for vassdraga i kommunen, rår Vestnes kommune v/ Planutvalet i frå regulering av Instebotnvatnet. Dei samla fordelane ved tiltaket er vesentleg mindre enn skadene og ulempa for allmenta sine interesser.

##### Behandling:

Julie Slenes Leine (Sp) fremma spørsmål om sin habilitet grunna både slektskap og økonomiske interesser i Sesskraft AS.  
Eit samrøysta planutval vedtok at Julie Slenes Leine (Sp) var inhabil etter kommunelova § 40 jf. forvaltningslova § 6.  
Anne-Julie Aas Nakken tredde inn som vara.

##### Avrøysting:

Innstillinga til administrasjonssjefen vart vedteken mot 2 røyster, Bjørn Inge Olsen (Sp) og Knut Magne Flølo (Frp).

## Administrasjonssjefen si innstilling

Med grunngeving i saksutgreiinga, og med vekt på allmenne verdiar som friluftsliv, landskap og samla belastninga for vassdraga i kommunen, rår Vestnes kommune √/ Planutvalet i frå regulering av Instebotnvatnet. Dei samla fordelane ved tiltaket er vesentleg mindre enn skadene og ulempa for allmenta sine interesser.

## SAKSUTGREIING:

### Bakgrunn:

#### Kort om søknaden

Sesselva kraftverk sto ferdig i september 2016 og har sidan vore i drift. Oppstraums inntaket til kraftverket ligg Instebotnvatnet, eit fjellvatn med normalvasstand på kote 727,5. For å auke produksjonen vert det søkt om regulering av Instebotnvatnet mellom kote 726 (LRV) og kote 728 (HRV). Ei slik regulering av Instebotnvatnet vil medføre ca. 1,85 GWh auka produksjon årleg ved Sesselva kraftverk. Det vert ingen endring i bygg eller på elektromekanisk utstyr i kraftstasjonen. Auka i produksjon kjem som fylgje av betre vassutnytting med eksisterande turbin. Største slukeevne er i dag 2,2 m<sup>3</sup> /s og installert effekt er 5,1 MW. Lengden på ytterlegare råka elvestrekning er ca. 3,5 km.

Dammen ved utlaupet av Instebotnvatnet er tenkt utført som massivdam i betong med ei total lengde på ca. 9 m og største høgde 2,5 m. Dammen skal etter plana byggjast veglaust. Planlagt slepp av minstevassføring frå reguleringsdammen i Instebotnvatnet er 20 l/s om sumaren og 10 l/s om vinteren. Total produksjon vert med oppdemming 18,55 GWh

### Vurdering:

#### Friluftsliv og landskap

Søkjjar har sjølv vurdert at tiltaket vil ha *middels/lite negative* verknader for landskapet. Adm.sjefen er ikkje samd i denne vurderinga, og meiner at inngrepet vil medføre at friluftslivet og allmenta sine interesser blir sterkt råka.

Området sin verdi til utøving av friluftaktivitetar blir vesentleg redusert ved oppdemming av Instebotnvatnet i kombinasjon med at ytterlegare 3,5 km med elv blir råka av utbygging. Dette gjeld opplevinga av heile vassdraget, ikkje minst oppdemminga av ei fjellvatn og dei markante stryka ved Hoemssetra som utgjer viktige og unike landskapselement i vassdragsnatur i kommunen.

Tilretteleggingsarbeid med skilting, stinett og klopper o.l. vitnar om korleis dette området er gjort tilgjengeleg for dagens innbyggjarar og besøkande. Område er lett tilgjengeleg for allmenta og har såleis eigenskapane både til nærfriluftsområde og som eit større regionalt friluftsområde. Sjølv om fyrste delen av vassdraget dessverre no er utbygd og oppstykkka, opplevest naturen lengre opp og inn i fjellet, som urørt. I fylkesdelplanen for inngrepsfrie naturområde for Møre og Romsdal, utarbeidd av Møre og Romsdal Fylkeskommune, er desse fjellområda, som kun to i heile kommunen, vurdert som eit regionalt friluftsområde. Området er òg registrert som friluftsområde hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, jfr. [www.gislink.no](http://www.gislink.no).

Sakselia og opp vidare langs Hoemselva er eit viktig friluftsområde for fjell- og toppturane aust i kommunen, der vassdraget med dei markante stryka ved Hoemssetra er særst viktige moment i opplevingsmangfaldet av friluftslivet. Ein viser her til turboka *til Fjells i Vestnes* (Eidhammer og Hole 2007).

Etter naturmangfald lov § 10 skal påverknad av på eit økosystem vurderast ut frå den samla belastninga økosystemet er eller vil bli utsett for. Konsekvensane av ei eventuelle utbygging må sjåast i samanheng med andre belastningar vassdraget er eller vil bli utsett for. Verknadane for friluftslivet må sjåast på i samanheng med heile influensområdet til utbygginga og tidlegare utbyggingar. I Vestnes er det no fleire ferdigbygde kraftverk. I nabovassdraget Tressa er det bygd eit kraftverk ved Øvstedal (1,3 MW) i Fossåna. Vidare er Misfjord kraftverk (1,67 MW), samt Sesskraft si utbygging av Sessselva m.fl. lengre ned i vassdraget. I tillegg er det bygd fleire småkraftverk i våre nabokommunar. Dette gjer at ein no snart må reise ut av Vestnes kommune for å oppleve intakt vassdragsnatur

Utbygginga er ikkje berre negativ for sjølve vassdraget som får ein reduksjon i vassføringa, men òg opplevingskvalitetane for fjell- og toppturane i omkringliggende fjellområde. Reguleringsbelte rundt vatnet setter skjemmaende spor som er synlege over lange avstandar. Plastring og regulering i elva vil òg opplevast som negativt. Adm.sjefen er samd i at det ikkje er direkte inngrep i sti- og løypenett, men det skjer sjeldan i slike saker. Realiteten er at for mange er det nettopp den samla opplevinga av eit vilt og inngrepsfritt vassdrag som er den største verdien.

Område inn mot Instebotnvatnet har ein opplevingsverdi som er elles er sjeldan i kommunen. Hoemselva er godt synleg og stryka forbi Hoemssetra er dei einaste i sitt slag i heile kommunen. Oppdemming og regulering av Instebotnvatnet vil redusere natur- og friluftsopplevinga for alle dei so ønskjer det meir klassiske friluftslivet utan steinlagte turveggar og poengrelaterede turpostar. Ferdsl i fjellet har lange tradisjonar i Noreg og blir ofte sett i samanheng med det å «vere langt frå folk» og oppleve stillheit. For mange er dette ein kjelde til betre helse og høgare livskvalitet. Noko som regjeringa framhevar viktigheita av i si Meld. St. 18 (2015-2016.), *Friluftsliv- Natur som kjelde til helse og livskvalitet*.

Vatn og vassdrag er dominerande natur- og opplevingselement i fjellet og fungerer ofte som naturlege turmål. Ei regulering av Hoemselva og oppdemming av Instebotnvatnet vil medføre eit irreversibelt inngrep i eit regionalt viktig naturlandskap som ikkje berre gjev konsekvensar for sjølve vassstrengen, men òg for omkringliggende landskap. Det er av særst stor betydning at dette område er unikt i høve til liknande naturmiljø i kommunen.

Dei seinare års utbygging syner at verdien av slike område for allmenta vil stige. Ei restriktiv forvaltninga av dei gjenverande områda er difor naudsynt om ein skal sikre slike verdier for kommande generasjonar. Med bakgrunn i den utbygginga som har skjedd dei seinare åra, spesielt i Vestnes, men òg i våre nabokommunar, finn adm.sjefen at ei ytterlegare utbygging og oppdemming av dette vassdraget ikkje kan tilråast. Ei slik vurdering finn ein støtte for i naturmangfaldslova, § 10.

I følgje OEDs retningsliner bør inngrep som medfører bortfall eller vesentleg reduksjon av verdifulle landskapselement av nasjonal, regional eller lokal betydning unngåast. Adm.sjefen si vurdering er at ei ytterlegare utbygging av vassdraget vil bryte med OEDs eigne retningsliner omkring friluftsliv og landskap.

Noreg har ratifisert den Europeiske Landskapskonvensjonen (2004). Gjennom konvensjonen er Noreg forplikta til gjere vurderingar av inngrep i høve påverknaden av landskapsrommet.

Ved vurdering av aktuelle inngrep i inngrepsfri naturområde, skal landskapet sin visuelle toleevne vurderast. Dess større sjanse for at eit teknisk inngrep skal synast i eit landskap, di lågare er den visuelle toleevnen. Fjellandskap i Hoemsdalen med oppdemming av Instebotnvatnet er døme på sårbare område der inngrep lett kan bryte den landskapsmessige heilskapen. Dette er høg fjellområde som karakteriserast av eit ope landskapsrom med lite vegetasjon. Høg fjellsnaturen er spesielle sårbar her. Lite løsmasser gjer at revegetering går svært seint. Det er soleis vanskeleg å skjule inngrep sjølv etter lang tid. Slike spor vil difor redusere opplevingsverdien for et urørt høg fjellområde fordi det endrar området kvaliteten og karakter.

### INON

I følgje Retningslinjer for småkraftverk frå OED, skal INON vere eit eige fagtema med verdvurdering og vurdering av konsekvens.

Område utan tyngre tekniske inngrep vert omtalt som inngrepsfri natur (INON), og der areal med ein avstand på over 5 kilometer frå slike inngrep vert klassifisert som villmarksprega. Dette er ein særskilt kvalitet ved naturen og ein stor ressurs med verdi mellom anna for biologisk mangfald og friluftsliv.

Tekniske inngrep har redusert talet på og arealet på kvalifisert villmark (> 5 km frå tyngre tekniske inngrep) i Noreg dei siste 100 åra. I Møre og Romsdal viser oversikta (frå 2012) at berre 671 km<sup>2</sup> som ligg lengre enn 5 km unna tyngre tekniske inngrep i fylket vårt. Den same negative utvikling finn ein òg i Vestnes. Det er ingen område i kommunen som lengre kan klassifiserast som villmarksområde. Faktisk finst det knappast heller ikkje område i sone 2, det vil seie areal som ligg mellom 3-5 km unna tekniske inngrep. Det følgjer såleis av dette at storparten av kommunens areal er påverka av tekniske inngrep noko som gjer det særskilt viktig å ta vare eit stadig knappare gode.

Tap av INON og eit aukande press på inngrepsfrie område er i strid med nasjonal arealpolitikk. Dei seinaste åra er det gitt uttrykk for at det i plansamanheng skal takast omsyn til at inngrepsfrie naturområde i størst mogleg grad skal bevarast for framtida. I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging er det ei forventning at omsynet til landskap og friluftsliv samt dei samla verknadane av tiltaka blir lagt vekt på i planlegginga, jfr kgl.res 12 juni. 2015.

Adm.sjefen sine eigne berekningar syner eit noko større bortfall av naturområde enn kva som er oppgjeve i søknaden. Desse berekningar forventar gjev eit totaltap på om lag 3,0 km<sup>2</sup> av INON. Dette kan kanskje oppfattast som uvesentleg, men realitetane er at Vestnes kommune har omtrent ikkje inngrepsfrie naturområde igjen. Såleis er inngrepet vesentleg i høve til resterande INON område i Vestnes og bør ikkje bagatelliserast, uansett kor liten reduksjonen er. Å unngå irreversible inngrep i desse områda handlar om å sikre den viktigaste kapitalen for mellom anna ei naturbasert turistnæring og opplevinga av friluftsliv for kommande generasjonar.

### Biologisk mangfald

Det er utarbeidd eigen rapport for registrering av biologiske verdiar i området. Rapporten er utarbeidd av Bioreg AS, rapport 2017:02.

I følgje rapporten er det registrert fleire naturtypar rundt Instebotnvatnet. Mellom anna er Rasmark (F1) Kjelde og sivevegetasjon (N1/N2) og Snøleivevegetasjon (T) registrert. Desse vert truleg ikkje negativt påverka av ei eventuell regulering av vatnet. Elles vart raudliste arten Snøsøtrose (NT) funnen. Eit interessant funn var *Odontoschisma* skovlemose. Det vart tatt belegg av denne, men det er framleis usikkerheit om denne mosen er ny for vitskapen eller alternativt ein variant av ein allereie kjend skovlemose. Som det kjem fram i rapporten må ein handsame dette funnet som svært sjeldan og verdifullt. Adm.sjefen vurderer

kunnskapsgrunnlaget (jfr naturmangfaldlova § 8) som godt, men ein kan likevel ikkje sjå bort frå at det til dømes kan vere fleire raudlisteartar i utbyggingsområdet som førebels ikkje er registrerte.

I høve fauna har ein ikkje noko nyare registreringar av spesielle eller truga artar. Tidlegare registreringar syner hekkelokalitet for ein sjeldan rovfugl. Om denne framleis er i område, vurderer adm.sjefen det slik at lokaliteten ikkje blir påverka av utbygginga. Grunngeving for ei slik vurdering er at Hoemsdalen stort sett fungera som eit over flyvingsområde. I høve næringssøk til denne arten vil heller ikkje ei oppdemming endre på dette.

Adm.sjefen er samd i at tiltaket vil ha *liten verknad* på biologisk mangfald. Men det betyr ikkje at område er utan verdi. Tap av natur blir ikkje sett på som noko problem dersom det ikkje finst sjeldne naturtypar eller raudliste artar på staden. Samanhengande naturområde med urørt preg har ein sjølvstendig miljøverdi og er ofte viktige for naturmangfald, friluftsliv og landskap. Større intakte samanhengande med urørt preg har viktige funksjoner som forflytnings- og spredningskorridorar og har betydning for naturens evne til klimatilpassing. Eit slik landskap finn ein inn mot Instebotnvatnet. Høgfjellsområde her gir ein sjeldan oppleving av urørt natur med fleire fiskevatn og fjelltoppar som turmål. Dette er ein natur- og landskapsverdi som berre finst her i kommunen.

### Fisk

Instebotnvatnet er kjend for å ha stor og god fisk. Langs vatnet er det nokre få bekkar som, sjølv om dei ikkje er optimale grunna botnsubstrat, truleg nyttas til gyting. Dei relativt dårlege gyteforholda kan vere ein av årsakene til at vatnet ikkje er overbefolka. Noko som er eit problem i dei fleste andre fiskevatna i kommunen.

Adm.sjefen si vurdering er at oppdemminga av vatnet vil få negative konsekvensar også for fiske. Det er ikkje uvanleg at aure dei fyrste åra kan få ein betre vekst grunna auka næringstilgang, fordi vegetasjon kjem under vatn. Men på lengre sikt får ein redusert bestandstorleik då gyteforhold og næringstilgang blir redusert grunna regulering. Auren finn nemleg storparten av næringa sin i strandsona og ei utvasking av strandsona vil svekke næringsgrunnlaget. Ein kan forvente ein slik negativ prosess ved Instebotnvatnet. Noko som vil redusere naturopplevinga av fiske.

Dei fleste so tek turen innover fjellområda her, skal som oftast fiske eller forsette opp på dei omkringliggende fjelltoppane. Alle desse vil få ein redusert naturoppleving. Enten som følge av dårlegare fiske eller oppleving av tekniske inngrep. Dette vil få negative konsekvensar for utøving av friluftslivet og fiske, som i seg sjølv er eit viktig friluftslivsaktivitet, i eit unikt landskap i kommunal samanheng. Dette er spesielt uheldig då Instebotnvatnet og dei omkringliggende vatna truleg er det område som gjev den beste fiskeopplevinga i heile kommunen.

### Planstatus

Den nyleg vedtekne kommuneplanen har vurdert område, og planstatus er LNF. Ei utbygging er difor ikkje i tråd med gjeldande planstatus.

### Andre vurderingar/kommentarar

Mange arealendringar som kvar for seg har små verknader, kan til saman redusere naturmangfaldet vesentleg og føre til at fleire artar og naturtypar blir truga og at verdien av viktige friluftsområde reduserast. Det er derfor ei særskild utfordring å sikre ei heilskapleg planlegging der ein ser verknader for naturmangfaldet og landskap i samanheng for større område og fleire tiltak. At ein no kjem med ytterlegare ein søknad so kort etter oppstart, er eit tydeleg forsøk på bit- for-bit nedbygging.

Sesselva kraftverk sto ferdig i september i 2016, og allereie no, etter berre ein vinter søker ein om ytterlegare utbygging og ei oppdemming. Ein må sei at dette reiser spørsmålet om kor grundig forarbeid som eigentleg var gjort ved føre utbygging. At prosjektet ikkje hadde den lønnsomheita som utbyggar fyrst forventa, er ein risiko utbyggar sjølv må ta, men som allmenta dessverre må ofre. Og dette på trass av ei auke i straumprisane. Ein finn ikkje at utbygging har nokon fordelar utan om å sikre ei meir lønsemd til kraftverket. Det er oppgjeve i søknaden at «*føremålet med reguleringa er primært å auke kraftproduksjonen til Sesselva kraftverk*». Adm.sjefen meiner at kommande generasjonar sine moglegheiter til å oppleve urørt natur er viktigare enn kortsiktig økonomisk vinning. Det følgjer soleis av dette at utbyggingsplanane er vurdert til ikkje å vere akseptable i høve til allmenne interesser.

Eit anna moment som vekkar interesse i høve rapporten sin eige vurderingar, er at ei oppdemming vil syte for «...*dei naudsynte 270 litrane/s også*». Eit av konsesjonsvilkåra ved føre utbygging var nettopp minstevassføring skulle vere tilsvarande 270 l/s i Liafossen. At ei oppdemming av Instebotvatnet skal sjåast som fordelaktig for å oppfylle eksisterande konsesjonsvilkår, er eit argument som ikkje gjer seg gjeldande.

Det same kan ein seie om dei andre fordelane som er oppgjeve i høve setjefiskanlegget og Vestnes vassverk. Å setje fram at ei oppdemming m.v. av Instebotvatnet skal vere eit moment som er positivt for desse som følgje av at dagens drift i kraftverket er uheldig, finn adm.sjefen urimeleg. Påverknaden på settefiskanlegget og Vestnes vassverk sin reservevassforsyning var problemstillingar som var avklart då Sesskraft bygde ut Liafossen.

Adm.sjefen finn heller vektige argument i høve til klimatiltak. I følgje ENOVA og Norsk industri er det tekniske sparingspotensiale identifisert til å vere 27 TWh i 2020, der om lag 17 TWh er lønnsamt. Syner med dette at vannkraft blir bygd ut for dekke aukande forbruk og ikkje som klimatiltak.

### **Konklusjon**

I Vestnes er det no fleire ferdigbygde kraftverk. I nabovassdraget Tressa er det bygd eit kraftverk ved Øvstedal (1,3 MW) i Fossåna. Vidare er Misfjord kraftverk (1,67 MW), samt Sesskraft si utbygging av Sesselva m.fl. lengre ned i vassdraget. I tillegg er det bygd fleire småkraftverk i våre nabokommunar. Dette gjer at ein no snart må reise ut av Vestnes kommune for å oppleve intakt vassdragsnatur.

Kommunen var ikkje negativ til alle desse utbyggingane, men no finn ein at dei samla verknadane for det omsøkte tiltaket reduserer viktige friluftsområde. Følgjene er at kommunens innbyggjarar og kommande generasjonar sine moglegheiter til å oppleve urørt natur blir vesentleg redusert.

Vatn og vassdrag er dominerande natur- og opplevingselement i fjellet og fungerer ofte som naturlege turmål. Ei regulering av Hoemselva og oppdemming av Instebotvatnet vil medføre eit irreversibelt inngrep i eit regionalt viktig naturlandskap som ikkje berre gjev konsekvensar for sjølve vassstrengen, men òg for omkringliggende landskap. Stryka ved Hoemsetra er markante landskapselement som er godt synlege i eit stort landskapsrom. Dei representera saman med fiskevatna i Hoemsdalen og Instebotvatnet, unik natur og opplevingsverdiar i kommunal samanheng. Verdien av stryka og Instebotvatnet forsterkast ved at område er unikt i høve til liknande naturmiljø i kommunen.

Etter ei heilskapleg vurdering, finn ein at fordelane ved tiltaket er vesentleg mindre enn skadene og ulempa for allmentas interesser. Samla belastning på naturområda vil bli alt for stor til å kunne tilrå nye inngrep. Omsynet til allmenne verdiar som friluftsliv, landskap og naturverdiar er viktigare enn interessene til utbyggarane. På sikt vert samfunnsnytta større om vassdraga vert

urørde. Med grunngjeving i saksutgreiing, og med vekt på allmenne verdiar som friluftsliv, landskap og unike naturverdiar i kommunale samanheng, rår ein i frå utbygginga

Særutskrift til:

Vedlegg:

- 1 Høringsbrev - Regulering av Instebotnvatnet i Vestnes kommune
- 2 Søknad

NVE, Konesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo, [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)